



Notat

Dato: 21.12.2016
Arkivsak: 2016/412-40
Saksbehandlar: knudjuv

Til: Utval for Miljø og samferdsel

Frå: Fylkesrådmannen

Svar på spørsmål om oppsetting av mur langs Lepsøyvegen

I møtebok for miljø og samferdsel for 15. januar 2016 stilte representanten Gustav Bahun (Frp) slikt spørsmål:

«Til Statens vegvesen.

Lepsøyvegen i Os kommune er under utbetring. Parallelt med dette har Statens vegvesen støypt ny mur langs sida av deler av den "gamle" vegen (nær Kipsebu). Den nye "muren", "kanten" er til stort hinder og gjer det vanskeleg for tungtransport til og frå industrien i "Øyrane".

Kan Statens vegvesen svara på kvifor ein prioriterer dette når vegen skal leggjast om innan vinteren er over? Ber om skriftleg svar.»

Vedlagt er brev frå Statens vegvesen med svar på oversendinga. Fylkesrådmannen har ingen ytterlegare kommentarar til saka.